

Pedagogisk plattform for Imsland skule

Visjon: Trivsel gir næring til læring

Kva er viktigast i arbeidet med einskildeleven?

Tryggleik, tilpassing og gjensidig respekt skal liggja i botnen.

Læraren skal ha fokus på at eleven skal føla seg sett og høyrte kvar dag.

Læraren skal ha fokus på at eleven skal oppleve meistring gjennom sjølv aktivt å ta del i sin eigen læringsprosess

Kva er viktigast i arbeidet med klassen ?

Å oppnå godt klassemiljø med motiverte elevar er hovudmålet her.

Godt klassemiljø og variasjon i undervisninga skaper best mogleg læringsutbytte. Sosial trening parallelt med den faglege utviklinga.

Kva er viktigast i arbeidet med skule/heim?

Gode informasjonsrutinar, oppretthalda gjensidig tillit og respekt.

Leggja til rette for godt samarbeid.

Bruka lokalmiljøet i opplæringa; Natur, arbeidsplassar og enkeltpersonar. Iblant laga tilstellingar kor heile bygda kan komma/ inkludera heile bygda når det høver.

Kva er viktigast i arbeidet med vaksenmiljøet?

Høg trivsel i vaksenmiljøet kjem og elevane til gode; støtta og oppmuntra einannan og gjera kvarandre gode.

Viktig at me vaksne framstår som gode rollemodellar ved å vera rause, positive og tydelege.

Vektleggja fagleg oppdatering og utvikling samt vera dynamiske og tilpassa oss nye tider.

Trivsel gir næring til læring, men me må likevel setja tæring etter næring!